



HOLMGANG

BONDEUNGDOMSLAGET I STAVANGER

Nr. 2

17. mai 2009

Årgang 36



“Dansens dag” 25. april: Trine Charís Johansen, kjent frå Siddis-Stova, i magedansbunad på Torget

HOLMGANG 2009

Redaktør: Jan Finjord

Redaksjonsmedlem:

Audun Rosland

Holmgang kjem ut med 4 nummer i året. Bladpengar for direkte tinging av bladet som papirkopi er kr. 50.- pr. år. Lysingsprisar:

1/4 side: Kr. 275.-

1/2 side: Kr. 450.-

1/1 side: Kr. 800.-

Stoff-frist for nr. 3/2009:

Månadsskiftet august/september.

I dette nummeret:

Framsidedeilete	v/ J.
Leiarteigen	side 3
Omfram årsmøte i BUL	4
Leikarringens program 17. mai	4
Doktorgrad – Dans i skolen	5
Ein, to, upp!	6
På tur med Leikarringen	8/2
Fem "finske" dagar i Lahti?	14
Vi har høyrte at . . .	15
Annonse	16

Leikarringen årgang 1966 med vertskap i Münster



Berit, Eimund, Svein, Ludvig, Martha, Marit, Tordis, Torvald, Bergljot, Ole, og fremst herr og fru Wendt

Dette nummeret av Holmgang er sett med 12pt Helvetica i L^AT_EX for Ubuntu 9.04 Linux.

Leiarteigen

Etter omframpt årsmøte 5. mai vart eg vald til leiar for laget. Då blei det eigentleg ikkje ein ny leiar men ein gjengangar. Eg vil få takke for tilliten og gler meg til å sjå korleis den nye organisasjonsforma fungerer.

Nemnda som la fram forslaget til ny lov og nye føresegner hadde gjort ein framifrå jobb sidan det gjekk særst greitt for årsmøtet å vedta framlegga. Ein av konsekvensane er at no får eg med meg leiaren i Husstyret som fast nestleiar til Lagsstyret. Roger vart vald til å leia Husstyret, så då er kontinuiteten i styret sikra saman med dei andre styremedlemmane som held fram. Eg gler meg til å samarbeide med desse engasjerte folka og vonar drifta av laget vil gå greitt framover. Men styret kan ikkje klare alt arbeidet aleine, så eg håpar resten av lagsmedlemmane stiller seg positive om dei vert spurde om å ta i eit tak for Bondeungdomslaget. Første oppgåva for laget vert å lage til den tradisjonelle 17. mai-festen. Styret treng nok litt hjelp her, men like viktig er det at lagsmedlemmane stillar i Folke-toget slik at vi kan syna Stavanger by at Bondeungdomslaget er liv laga.

Bondeungdomslaget av 2009 er jo ikkje det same som Bondeungdomslaget på 70-talet. Eg meiner ein må innsjå at tidene endrar seg, og leggja opp aktivitetane deretter. Men om nokre år vil tilhøva kan henda gjera at Bondeungdomslaget vert meir etterspurd. Så om ein ikkje har anna særslag enn Leikarringen i dag, så må ein vera opne for å starta opp at andre grupper/særslag i framtida. Eg tenkjer særleg på aktivitetar for barn og ungdom, men denne gruppa har visst altfor mykje å velja i alle reie. Vi må nok vera særst kreative og gode på marknadsføring om vi skal få med dei unge inn i laget.

Men når dette er sagt, så føler eg at dei trufaste medlemmane i laget har det triveleg på samkomene. Leikarringen går jo særst godt, og eg føler at stemninga er god. Dei nye som kom med etter kursa i haust og vinter har funne seg godt til rette. Folkedansen har jo ein unik stilling i Bondeungdomslaget. Som dei fleste kjenner til er det mykje danseaktivitet i andre lag på Jæren, men mange av dei driv nok med folkedans på ein litt annan måte enn Bondeungdomslaget. Men vi har og mykje til felles med desse laga, så vi bør halde god kontakt med dei. Leikarringen har jo allereie eit opplegg med laga på Klepp og Sandnes med faste fellesøvingar kvar månad. Når det gjeld større arrangement bør ein freista å marknadsføre desse i god tid overfor desse laga.

Medan eg er inne på tema samarbeid, så tykkjer eg Bondeungdomslaget har fått i stand eit godt samarbeid med Vibå Spelemannslag. Medan eg var i "utlendighet" i Milano så hadde Leikarringen og Vibå klart å få i gang faste fellesøvingar kvar månad der Vibå spelar på tirsdaysøvinga. Som instruktør ser eg dette samarbeidet som svært nyttig og triveleg.

Eg vil ønskje alle medlemmane ein god 17. mai og ein aktiv festivalsommar!

Helsing *Anne Marie*



Omframnt årsmøte i BUL

På årsmøtet 16. februar lukkast det ikkje å få valt leiar og fleire andre sentrale tillitsverv. Det vart difor starta ein gjennomgang av organisasjonsstrukturen i laget, for å prøve å få til ei forenkling slik at det ikkje fell urimeleg mykje arbeid på einskildmedlemer som tek verv.

Den 5. mai kl. 19.00 kom 24 medlemmer saman i Litlesalen til omframnt årsmøte, for å ta stilling til forslaget til reviderte lover og føresegrer. Eit offisielt referat kjem seinare. Her skal vi nemne dei viktigaste konsekvensane for samansetjinga av Lagsstyret:

- Leiarane for Husstyret og Leikarringen går inn som faste medlemmer, den førstnemnde som nestleiar
- Det skal veljast 2 andre styremedlemmer der det eine skal veljast som arrangementsansvarleg
- Det skal veljast berre eit varamedlem

Etter gjennomgang og diskusjon vart forslaget vedteke med akklamasjon.

Valnemnda fekk så ordet. Eit medlem sa seg viljug til å ta det eine vervet dei mangla kandidat til. Møtelyden vedtok forslaget med akklamasjon!

Lagsstyret:

Anne Marie Nerby (leiar, 1 år)
Roger Strand (nestleiar, 1 år)
Torill Stordalen (frå L.r., 1 år)
Margrete Lohne Kvam (1 år)
Dag Jostein Nordaker (2 år, arrangementsansvarleg)
Lise Øzgen (vara, 2 år)

Husstyret:

Roger Strand (leiar, 1 år)
Livar Voll (1 år)
Kari Olaus Tveit (2 år)
Jan Dalene (vara, 2 år)

Ettersynsnemnda:

Ottar Vandvik (2 år)
Oddvin Emmerhoff (1 år)
Svein Søyland (vara, 1 år)

Valnemnda:

Harald Kulander (2 år)
Inger Trangsrud Hope (1 år)
Magne Hope (vara, 1 år)

Jamvel utan innlagt kakepause, eit godt og konstruktivt møte!

J.

Leikarringens program 17. mai

- 12.00: Tog frå Domkirkeklassen til Bjergsted; oppstilling 11.50
12.30: Feiring i Bjergstedparken; dans v/ bl. a. Leikarringen
14.00: Felleslunsj på Hotell Atlantic; påmelding til Torill
16.00: Folketoget, BUL nr. 77; seint i år, men vi kjem godt!
19.30: Fest i Siddis-Stova

Det er ikkje mange "doktorar" i BUL, men ein ny kom til denne våren. Holmgang sakser frå "Døgnfluå" på UiS-nettet 25. mars, og frå Stavanger Aftenblad 28. mars:

Doktorgrad – Dans i skolen

Universitetslektor Dag Jostein Nordaker har disputert for PhD-graden ved Danmarks Pædagogiske Universitetsskole, Aarhus Universitet.

Hans avhandling "Dans i skolen" analyserer hvordan norske fagtidsskrift, nasjonale læreplaner og kultur- og utdanningspolitiske dokument argumenterer for og mot dans som obligatorisk emne og aktivitet i den norske grunnskole, hvilket dansefaglig innhold som beskrives og hvordan dans omtales som selvstendig fag eller del av fagene musikk og kroppsøving.

Avhandlingens perspektiv er didaktologisk og baserer seg på didaktikk som vitenskap og teori, det vil si at den har et analytisk og ikke-normativt utgangspunkt. De tre typer tekster blir analysert ut fra kategoriene legitimering og begrunnelse, innhold, faglig status og kjønn.

Analysene avdekker at den språklige beredskap i relasjon til dansefagets didaktikk lider under mangelen på gode avgrensinger av dans som kunnskapsområde og fag i forhold til grunnskolen, og at dansen hovedsakelig har blitt legitimert ut fra at den er en godt egnet aktivitet til å utvikle generelle mål innen oppdragelse og danning, samt at den er personlighetsutviklende.

Gjennom å vise alternativer til funnene i empirien, er det et mål at avhandlingen vil tilføre nye perspektiver i diskusjonene om dans i grunnskolen.

Disputasen fant sted i Århus fredag 13. mars.

Thomas Bore Olsen



Dag Jostein Nordaker (foto: UiS)

PERSONALIA

Dag Jostein Nordaker (50 år), oppvokst i Stavanger, PhD i pedagogikk, institutt for curriculumforskning, København. Hovedfag i musikkpedagogikk fra Bergen, mellomfag i dans fra NTNU i Trondheim, musikkpedagogisk og utøvende cand.mag.-grad fra Rogaland musikkonservatorium. Han arbeidet i grunnskolen fra 1982-1991. Han har vært ansatt ved Rogaland musikkonservatorium fra 1991, nå Universitetet i Stavanger, jobber som studiekoordinator for dans og underviser pedagogikk/didaktikk i musikk og dans.

Ein, to, upp!

“Dei beste dansarane har dei lengste øyrene”, sa spelemann Dag til kursdeltakarane på telespringarkurset i mars. Og øyrene vaks når 27 dansarar konsentrerte seg intenst for å få føtene til å danse i teletakt. Oppstrøk og nedstrøk på fela, “ein, to, upp” og “tung, *tyngre*, lett”. Alle metodar blei tekne i bruk for å lette innlæringa. Men telespringarsteget er ikkje det lettaste steget, og det blei mykje “eg ser på deg, og du ser på meg” innimellom for å sjekke om vi dansa i takt eller mottakt.

Instruktøren Karin Brennesvik fekk med seg både dei litt røynde og dei heilt ferske i teledansane. For ni år sidan vitja ei gruppe dansarar frå leikarringen Karin heime i det gamle skulehuset i Hovin. Då Atle kom med fotografi frå turen, blei det mimra litt. Om ikkje det blir ein ny tur til Telemark, må vi iallfall halde det vi lærte på kurset ved like. Det vil sei at vi må leggje inn ein telespringar på øvingar og festar framover.

Tekst/fotos v/ *Torill Stordalen*



Gry og Egil representerte ungdomane



Anne Marie og Audun har kontroll



Anne Lise og Magne i god telestil



Oddbjørn og Wenche tok turen frå Klepp



Erik og Inger Lise koser seg på kurset



Atle likar godt litt ekstraundervisning



Karin viser ulike turar i springar og gangar



Dag spelte gode og varierte teleslåttar

Instruktøren:

Karin Westberg Brennesvik er kjent langt ut over lokale landegrensar som dansar og instruktør, noko ei rask "googling" vil vise. På heimstaden starta ho i 1971 ei dansegruppe for born, "Småjondølane", med vekt på springar, gangar og halling. I denne notisen kan ikkje Holmgang yte rettferd for kulturarbeidet hennar. Men vi viser gjerne til nettsida hallingdans.com, der dette biletet av henne er henta. Den nemner nokre av resultatata av innsatsen hennar – men ikkje at ho har vore Noregsmeister fleire gongar. J.



I 1966 dro Leikarringen i BUL til Odense på Nordleik, og deretter vidare til Tyskland og Vipitino (Wiesen) i Italia. Martha Hauge Steinnes har sendt denne reiseskildringa på vers:

På tur med Leikarringen

Leikarringen har vore på farten,
så no vil eg ta til heilt frå starten
og fortelja stort og smått,
ja, ta med både vondt og godt
av dei inntrykk som eg har fått.
Me møtte ved Turnhallen alle mann
med kuffertar, vesker og melkespann,
beggjar og yskjer og fruktsett-pakkar,
flagg og kransar og bunadstakkar,
fine kuffer og plastikk-frakkar.
Så alle var nok visse på det
at me hadde fått det viktigaste med.
Men i Odense vart vel forskrekkelsen stor
då ingen visste kvar sverda for.
Den skuldige tilsto med angst og beven.
Han venta seg nok eit himla leven.
Men Reinsnos var klok og tagde som mu-
ren,
for hjarta ville 'kje halde på turen
om han sko' foke opp i eit sinne
kvar gong sverda var ute av minne;
for sverd og faklar og slikt me sko' bera
var sjeldan der det burde vera.

Sørover gjekk det med song og lått.
Alle lika seg retteleg godt.
Men så byrja Ottar ganske brått
å halda den fæle aluren.
Då trega eg mest på heile turen.
Men like brått vart han litt sturen,
har var til og med så ukjuren
at han repeterte nokre ord
som Reinsnos sa til han i fjor.

Me fylgde "Skagerak" over dammen,

vågalt nok med den skarve prammen.
Me veit jo alle korleis det enda.
Trykket av oss vart for stort, kan vel henda.
Dei som danste på øverste dekk,
får vel ta skulda for at skuta sprang lekk.
Ferjeturen vart stri for dei fleste,
for stolar er slettes ikkje det beste,
sjølv om nokre sov for det meste.
Nei, køyer må til skal ein ha det godt,
så Martha og Nordaker hadde det flott.
Nei, fy! De treng ikkje tenkja så stygt.
I kvar sin lugar sov dei jo trygt.
Berit og Gro tykte og det var best
å sova før dei skulle på fest.
Ellen og Gjertrud som og festa ein bråte,
bruka ein heilt annan måte.
Dei kosa seg og dansa ei lange stund,
så heim og få seg ein blund.
Deretter ut att på same galeien.
Slik heldt dei det heile veien.



Fremst: Håkon, Astrid, Torvald, Ingrun, Eimund,
Martha, Tordis

På Stadion samlast heile troppen,
og det var nok liksom toppen
av det me opplevde der i by'n.
Jammen var det eit storslått syn!
Verre var det med "aftensretten",
for det var ikkje rare skvetten
som vart utlevert på pletten.
Ja, me som ikkje fekk någe,
var vel dei einaste som var fjåge.

Ja, i Odense var der mykje rart.
Dagleg hende det litt av kvart,
til dømes då Håkon hadde seg fotvask
og tykte det vart for mye plisk-plask.
Men Eimund, den skoiaren, visste råd,
for dansken sitt fat kunne fyllast på.
Skjortene kunne me her få vaska,
og sleppa å stå der sjølv og plaska.
Men Hansen ville 'kje vita av det,
for han hadde vaskemaskinen sin med.
Eimund sa og neitakk til slikt,
for reine skjorter har han aldri likt.
Harald, som var så avgjort for det,
at regnty, nei, det ville 'kje han ha med,
måtte kjøpa seg regnhatt til slutt,
for på måndagen regna det helste trutt.
Det var den dagen me skulle bada,
men sidan vergudane var så rada,
var det mange som mukka.
Det var for kaldt til å symja og dukka
Bjørg Larsen stønna og sukka.
Men til slutt fann ho ei råd.
Ho heiv seg uti med kledda på!

Frå Odense fekk me ein dårleg start
sjølv om me byrja med god fart.
Men Nordaker hadde vore altfor smart.
For som den forretningsmann som han jo
é
hadde han sjølv sagt regna med det,
at pengar i storby er farlege ting.
Dei set så lett spekulantar i sving.
Så han gjekk i banken med alle øra,

så Grøsfjell kunne slett ikkje få kjøra.
Det gjekk ein time, det gjekk halva'en.
Endeleg kom den praktiske ma'en!
Sørover Tyskland gjekk det no godt.
Med skifte i landskapet var det helst smått.
Difor kan me vel sei om dei fleste,
at jamen sov dei no godt for det meste.
Om ikkje stillinga støtt var den beste,
så var det ofte moro å sjå
dei måtane folk kunne sova på.
Ludvig han hadde sin eigen stil.
Med eit søtt og huldsaleg smil
han gløymde den daglege suta.
Men Ole hadde den mjukaste puta!
Me hadd kjørt ei heile rid
då ho med pyjamasen sette i:
"Ein bulk i landskapet, kom og sjå!"
Alle måtte jo vakna då!

Etter kvart som tida skreij,
såg me kvar det bar i vei.
Me kom på ein måte i klikkar,
for me hadde så ymse skikkar.
Dei fleste ville gå i butikkar.
Det var det fyrste dei tenkte på
så snart dei nye byar fekk sjå.
På handel tenkte nok Ingrid mest,
men i kjøp av skeier var Åse best.



Mølla i Münster



Ellen, Gjertrud, fru Wendt og Sigrid. I Münster
budde me privat

Ho samla nok til sin bryllaupsfest.
Andre ville ut og festa.
Det tykte dei var det besta;
Så var det dei som for og vasa
og berre ville flirta og fjasa.
Var det alvor eller var det gaman
med dei som støtt måtte vere saman?
Ja, om det vert alvor med Lima og Foss,
det er 'kje lett å seia for oss!
Å farta rundt i kyrkjer og slott
var det mange som lika godt.
Sant å sei var der mykje flott.
Men tårnet i Münster med dei triste minna,
gav oss mangslags tankar i sinna.
At mannen kunne føla slikt hat
at han gav kona til fuglemat,
kunne slett ikkje Tordis forstå.
Men ho ville 'kje prøva å sjå!
Nokre tenkte mest på nærande mat.
Dei måtte ha seg snitsel og salat.
Ja, så ofte dei såg seg eit snitt
skulle dei inn på kafeen litt.
Språkvanskene var slett ikkje så store.
Det galdt berre å finna det rette orde.
Eimund tykte han var svært så dyktig.
Han granska menyen ganske flyktig,
for dette vart visst heller lett,
sjølv om han ynskte ein norsk rett.

Med tysk aksang og jærdialekt
sa Eimund til serveringsdama så kjekt:
"He de fleire kotette'?"

Ho smilte og sende han på toalette.

Eimund gjorde gode miner til slett spill,
for toalettbesøk måtte ofte til.

Det kom nok av alt drikka me pøste ned.

Ja, for eg kan godt seia det
at fråhaldsfolk såg me lite te'.

Forresten gjekk det litt opp og ned,
for dei som står trygt i D.N.T.

føretrakk øl for den tyske te,
mens Ole N. som ofte er på galei,

synte tendensar i motsatt lei.

Då Eimund og Harald fekk det gode ølet,
forlangte Ole det kvinnfolk-sølet.

Hjå borgermeisteren var det på samme
måte,

Ole var for alle ei gåte.

Men både han og Nordaker vart lange i
maska

då dei fekk av den galne flaska

mens Martha og Eimund med rinskvin bas-
ka.

Me fekk sigarar også her,

og alle veit korleis Hansen er.

"Eg sparar min", sa den lure reven,

"til å døyve den verste teven

når Ole kosar seg utan sko".

Det var ikkje berre Hansen som lo.

Hjå neste byfut vart Torvald bydd sigarett,

og då var det sanneleg ikkje lett

å seia som sanninga var:

"Takk, eg røyker no kun sigar."

Men då han sidan såg

at byfuten hadde sigarar og,

veit eg ein som ikkje var fjåg!

For Torvald tykkjer no som dei fleste,

at det som er gratis er det beste.

Alle ville gjerne at gryna sko vara,

men me bruka så ulike måtar å spara.

Martha ville vera på den sikre sida.

Ho spinka og spara heile tida.
 Ole kjøpte vin fordi den var billig.
 På den måten spara *han* atskilleg.
 Gratis frisør var den beste metoden.
 At Sigrid var med, var den store goden.
 No kunne alle vera på moden.
 Men Gro var no den beste lell.
 Ho talde pengane kvar bidige kveld,
 og gjøymde dei so under håve
 før ho la seg trygt til å sove.
 Men ein dag laut ho med sorg erkjenna.
 Det var 'kje den beste måten, kan henda.

Dei tyske herberga var ikkje rare.
 Å sova der var litt av ei mare.
 Når 16 sengar knirkar i kor,
 er sjangsen til soving ikkje så stor.
 Slik jammermusikk sko du aldri høyra.
 Heldig ho med "Sov-i-ro" i øyra!
 At Nordaker klaga, var slett ikkje løye.
 Han som alltid plar vera så nøye.
 Lakenpose var hans store skrekk.
 Han jamra fælt når han slike fekk:
 "Kva er dette for putetrekk?
 Skal eg nedi ein kvite sekk?"
 Kvar morgon var det same aluren.
 Klaget hans gjekk i denne duren:
 "Eg skulle 'kje reist på denne turen!
 Og denne forbaska posen dei ga meg!
 Eg trega mest at eg gjekk og la meg.
 Eg kjem ikkje ut av dette telte.
 Det endar vel med at eg svelte."
 Men når han så hadde baska seg fri,
 var han nett like fjåg og blid.
 Og i Wiesen sytte han sjølv for losji.

Ja, her var det store stas
 for dei som ville ha fülle-kalas.
 Ein av gutane klaga stygt:
 "På dansegolvet der er 'kje trygt.
 Italiendarar er seg alltid like.
 Eg kan ikkje rektig med slike.
 Dei gjev oss drikke i store stil.



Italiendarar

Eg skjøna godt kva det er dei vil.
 Dei vil det skal gå te håve på oss,
 så dei kan ta jentene frå oss."
 Men Luis lika seg sjølvsgodt.
 Slikt drikke hadde han aldri fått.
 Her var det berre å hella i seg,
 han ville slett ikkje gi seg,
 endå konkurransen vart heller stri,
 for Hansen og Grøsfjell hang også i.
 Men eg kan slett ikkje fatta
 kva Karina bedreiv den natta,
 for ho sa ho måtte sanna
 at Wiesen overgjekk alt anna.
 Ho fortalte ikkje så nøye
 kva som var så sabla løye.
 Men det var 'kje ende på skrøyt
 skal tru om ho og tok seg ein støyt!
 Eg tykte ikkje Asbjørn var så borte,
 så eg skjøna 'kje kva som kunne ha gjort
 det.
 Men då me var på tilbaketuren,
 var han helst litt mutt og sturen.
 Han kunne slettes ikkje forstå
 kva han hadde vore ute på,
 for passet var ingen stad å sjå,
 og me var straks ved grensa nå.
 Men då var det at Grøsfjell fann råd.



På landevegen i Vipitino, med norsk og lokalt flagg.
Hansen føre med fela

Han tok Asbjørn med på toalette.
Og det synte seg å vera det rette.
For det er så løye med det,
lukka er ofte betre enn vede.
I bussen satt me alle og sukka:
"Går dette godt, så er det ei lukka."
Ja, spenninga den var heller stor
til Asbjørn var over på Tysklands jord.

At turen var stri kan vel ingen nekta.
Ein dag var det jamen på hekta
at ikkje gutane flaug i flint,
då alt måtte gå så forbaska svint.
Tenk skifta i bussen, høyrte slikt vas
med all denne innvikla bunadstas.
Mange tok til å klaga og syta:
"Ikkje få bada og underty byta!"
Og Ole J. han drista seg te
å seia det eg her rablar ned:
"Vil de lukta hevd, så vil ikkje me!"
Dei som vart sinte, synte jo berre
dei kjende seg råka, og det var verre.
Men jamen tykte eg det var løye
det brått skulle verta så veldig nøye
med reinhald av kroppen når kleda stinka,
og me var mange timar forsinka.

Byfuten venta med kaffi og kaker,
og det var retteleg gode saker.
Svein, kalla Nøff Nøff av det tyske folk,
synte seg å vera ein storarta tolk.
Då borgarmeisteren heldt politisk tale,
tykte Nøff-Nøff det var altfor gale
om han ikkje fekk allting med.
Difor la han ofte te,
når han var det minste i tvil:
"han sa visst noko i denne stil:"
Hadde byfuten skjøna norsk,
kunne han nok vorte morsk.

I Heidelberg var allting godt.
Då vart det verre neste nott.
Herberget her var skite og svart.
Me kom oss frå Köln i ein farleg fart.
Til Hamburg me alle stunda.
Men her var det fleire som slett ikkje blun-
da,
for på Reperbahn var så mange løyer.
At nokre lika dei ablegøyer,
var enkelt nok å sjå.
Men her ville 'kje Eimund gå.
Han ville heller gå på kina
enn å sjå på dei halvnakne svina.
Ja, han ville halda seg på matta.
Så då kona kom inn utpå natta,
hadde han vermt opp sengja.
Og det kunn' ho jamen trengja!
Middagstid var det på 'an att.
Då Grøsfjell sat bak sitt kjære ratt,
var det som vanleg einkvan som sa:
"Gjertrud er komen, så no kan me dra."
At varmen plaga dei fleste,
var no ikkje det ve'ste.
At Reinsnos var ring kunne alle sjå,
men det var litt vondt å forstå
at den store, kraftige karen
skulle verta så ille faren
av bet frå eit slikt lite kre.
Men me fann jo ut det:
Myggen i Köln kan 'kje spøkjast med.

Sjøsyke vart vår neste plage.
 Du store min for sukk og klage.
 Håkon var ganske grøn i tryne,
 Sigrid vart dårleg berre av syne'.
 Men ho var no betre enn han,
 ho gav 'kje hals før ho kom på land.
 Snart var me heime, så no kan eg gi meg.
 Det er ikkje meir av ånda i meg.
 Men dei som ikkje er nemnde på namn,
 treng ikkje føla noko savn,
 for mellom linene er det prenta
 alt *det* som de kunne venta!



Martha Hauge Steinnes



I Münster kom vi i avisa!

Fem “finske” dagar i Lahti?

I år er det Nordleikår, med nordisk folkedans- og musikkfestival i den kjente vintersportsbyen Lahti i Finland. Festivalen blir skipa til kvart tredje år og går på omgang mellom Finland, Danmark, Sverige og Noreg. Ei større gruppe dansarar frå Klepp, Sandnes og Stavanger vil reise til Finland for å delta på det nordiske stemne.



Lurbloasarar frå Stavanger stilte opp i Finland i 1997, for å drive PR for Nordleik 2000 i Stavanger

29. juni til 4. juli blir det besøk til dei tusen “Sjøarna”: Viktige delar av Nordleiktilskipinga skal forgå på idrettssenteret. Populære arrangement er kurs med dansarar frå alle nasjonar som deltar inkludert karelske kvadriljer, menuett og sjølvsgagt tango. Vidare er det tilbod om handverkskurs, tekstilarbeid, veving, toving samt sløyd og neverarbeid. Musikkursa er og populære, og eit spesielt kurstilbod i år er kantelespel, der man får låna instrument av arrangør. Songkveldar, kurs i folkeviser, og kyrkje-konsert er tilbod der deltakere får innblikk i dei rike danse- og musikktradisjonane i

Norden. Øving i “historiske” danser, kontradanser så vel som polka og jenka kan bli nyttig å ta med heim til neste dansesesong. Då tek nedtellinga til for neste arrangement, det blir i Noreg.

Sist arrangementet var i Noreg, i år 2000 var blandt anna BUL Stavanger vertskap. Dei to ungdomsorganisasjonane i Rogaland, Rogaland Ungdomslag og Rogaland Bygdeungdomslag var arrangørar i samarbeid med lokale musikk og dansegrupper. Med sponsorstøtte til arrangementet den gongen, blandt anna frå Stavanger kommune, blei det mogleg å realisera Nordleik her. Kanskje var det Nordleik som gav byen og distriktet mot til å ta fatt på eit større kulturarrangement som europeisk kulturby?

“Nordlek” har også med utviklingshemma – med egne “Vi kan”-dansar og program. Alle dei nordiske nasjonane deltek i samarbeidet med Island, Færøyane samt Åland og Grønland. Interesserte kan finna ut meir om arrangementet på nettsidene www.nordlek.fi eller via nettsidene til Noregs ungdomslag.

Foto illustrerer nokre aktivitetar og turar samt frå Vaasa i Finland år 1997.

Helsing *Audun R.*



Dansarar på stadionoppvisning i Vaasa i 1997



Slik presenterar Lahti seg for turistar



Idrettsarenaen i Lahti blir sentral på Nordlek 2009



Utflukter på kanalar og sjøane er nokre av turtilboda i år

Vi har høyrte at ...

- Målfrid Aanderaa bur no mest på Tau, og har lita tid til BUL og Holmgang. Ho ynskjer difor å trekke seg frå redaksjonen. Vi gjenverande saknar henne!
- Nordaker Bunader har no teke over utleige av BULs Rogalandsbunader.
- I førehandsomtalen 20. april av "Dansens dag" på Torget 25. april, hadde SA dette:

... Skulle det være magedans du tiltrekkes mest av, er det bare å stille seg opp blant torghandlerne, studere reddikene, og smugkikke på nakne, sensuelle mager, forførende og roterende hofter til kona sier:
"Nå går me. Me kan heller komma tebage når der e norsk folkedans".
For det blir det og. ...
- Ingen folkedansarar stilte på "Dansens dag" likevel, men dess fleire frå Siddis-Stove-aktiviteten magedans. Sjå ei av dei på framsida av bladet!
- Eit BUL-medlem baud seg til å halde eit to kveldars internt kurs i salsa for Leikarringen, som ei innføring tilsvarande Salsa 1 hos STIL-Dans. Tilbodet vart visst avslege ?

B

RETURADRESSE: P.b. 451 Madla 4090 Hafrsfjord



**NORDAKER
BUNADER A/S**

**Spesialforretning i Rogaland, Østervåg 19,
4006 Stavanger tlf. 51 89 70 40**